




STRYN KOMMUNE

STRYN KOMMUNE

BORGARLEG VIGSEL

Retningslinje



Om borgarleg vigsel

Stortinget har vedteke lovendring i ekteskapslova gjeldande frå 01.01.2018. Vigselsmyndet blir overført frå tingrettane til kommunane og kommunane har frå den dato rett og plikt til å gjennomføre borgarleg vigsel. Ordførar og varaordførar får vigselsmynde heimla direkte i lova. Lova opnar også for at kommunestyret sjølv kan gje slikt vigselsmynde til kommunalt tilsette eller folkevalde.

Kven kan vigsle seg i Stryn kommune

Kommunane er pålagt å ha eit viggertilbod for eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Norge. Det skal vere tilstrekkeleg at ein av brudefolket er busett i kommunen for at plikta til kommunen om å gjennomføre vigsle gjeld. Det står fritt til kommunen å tilby vigsel for brudefolk busett i andre kommunar, og Stryn kommune har opna for dette på same vilkår som for kommunen sine eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Noreg.

Prøvingsattest

For å inngå ekteskap i Noreg, må det først vurderast om ekteskapsvilkåra er oppfylt. Dette kallast prøving av ekteskapsvilkåra, og vert gjort av folkeregisteret ved det regionale skattekontor. På bakgrunn av prøvinga, vil folkeregisteret utstede en prøvingsattest. Attesten er gyldig i fire månader frå utsteding. Alle spørsmål knytta til prøvinga må rettast til folkeregisteret regionale skattekontor.

Bestilling av vigsel

Før ekteskapsinngåing må det føreligge gyldig prøveattest på tidspunktet for ekteskapsinngåing. Dette er det folkeregisteret som utstedar. Attesten er gyldig i 4 månader. Original prøvingsattest frå folkeregisteret må vere sendt inn til kommunen seinast 3 dagar før vigsel. Vi stadfestar ikkje tidspunkt før vi har motteke original attest. Attesten må vere gyldig på vigselstidspunktet.

Tidspunkt og stad for vigslar

Stryn kommune er fleksible på dagar, tidspunkt og stad for vigslar, men fast sermonidag er fredagar mellom 12.00 og 15.00 på Tingsalen i Stryn kulturhus. Det er gratis for alle å gifte seg innanfor ordinær opningstid og fastsett sermonistad. Det er muligkeit for å kome ønskje om andre tidspunkt og stadar, men då vil det vere opp til kommunen, ressursar og kapasitet om det let seg gjennomføre. Ekstrakostnadar som dette vil medføre må dekkast av brudeparet.

Kostnadar ved vigslar

Det skal vere gratis for alle å gifte seg i Stryn kommune innanfor ordinær opningstid og fastsett sermonistad, Tingsalen i Stryn kulturhus. Dette uavhengig om brudeparet er busett i Stryn kommune eller ikkje. Øvrige rammer for vigelsen som pynt, blomster, dekorasjoner, musikk etc. må brudeparet sjølv sørge for.

Seremonistad

Seremonistad er Tingsalen i Stryn kulturhus. Paret er velkomne til å ta med seg gjestene inn under seremonien. Det er sitjepest til omlag 30 gjester. Stryn kommune stiller med enkel dekorering.

Vitner

To vitner må vere tilstades under seremonien. Dette kan vere forloverane eller to andre myndige personar paret har med seg. I unntakstilfelle kan Stryn kommune stille med eit av vitna. Dette må avtalast på førehand.

Språk

Kommunen kan ha vigslar på norsk og engelsk. Vigsel kan gjennomførast på andre språk ved bruk av kvalifisert tolk. Brudeparet må sjølv dekke kostnad ved tolketenester.

Seremonien

Brudeparet må vise original prøvingsattest og legitimasjon før seremonien startar.

Det borgerlige [vigselsformularet](#) (jf. ekteskapsloven § 15) er fastsatt ved kongelig resolusjon og skal nyttast ved gjennomføringa av borgerlege vigslar. Formularet sett eit minimumskrav til innhaldet i vigselen, men det er i prinsippet rom for å tilpasse seremonien med til dømes sang, musikk, utveksling av ringer, tekstlesing e.l. Domstolens praksis er at det settast av 15 minutter pr. viggel. Av desse vil 5 minutter gå til den obligatoriske lesninga av vigselsformularet. Brudeparet vil dermed ha ca. 10 minutter tilgjengeleg til andre aktiviteter som musikk, tekstlesing el. som dei sjølv er ansvarlig for. Til slutt underteiknar paret, vitna og vigslaren vigselsboka. Paret får etter dette ein midlertidig vigselsattest.

Ein vigslar kan, dersom han/ho er i tvil om eit vilkår er oppfylt, utsette vigselen og brudefolket påleggast å skaffe bevis for at vilkår er oppfylt. Utover dette har ikkje vigslaren grunnlag for å nekte å gjennomføre ein viggel.

Melding om viggel og registrering

I prøvingsattesten fra folkeregistermyndigheten inngår også melding om viggel og vigselsbok (skjema Q-0309). «Prøvingsattest/Melding om viggel/Vigselsbok» har brudefolket ansvaret for å sende inn til Stryn kommune seinast 3 dagar før viggel. Brudefolket og vitnene skal undertegne vigselsmeldingen. Når viggel er gjennomført, fyller vigslar ut rubrikken "Melding om viggel" og returnerer seinast tre dager etter at viggel er føretatt ein stadtusta kopi til prøvingsinstansen. Sammen med vigselsmeldingen skal vigslar vedlegge dokumentasjon for sin vigselsmyndighet. For ordfører og varaordfører er det tilstrekkelig med dokumentasjon på vervet. Dette skal kommunen gjere.

Brudefolket får en bekreftet kopi av skjemaet. Dette utgjør midlertidig vigselsattest.

Folkeregistermyndigheten utsteder endelig vigselsattest.

Stryn kommune er ansvarleg for å føre vigselsbok med oversikt over ekteskap som er inngått i kommunen. Originalversjon av dokumentet «Prøvingsattest/melding om viggel/Vigselsbok» utgjer vigselsboka.

Det er servicekontoret ved Stryn kommune som er ansvarleg for:

- det praktiske rundt bestilling
- kontroll av innsendte dokument før viggel
- innsending av naudsynt dokumentasjon til prøvingsinstansen
- føre vigselsbok med oversikt over ekteskap inngått i kommunen

Meir informasjon rundt borgarleg viggel i Stryn kommune vil ein finne på Stryn kommune sine heimesider.